

Huse (gnr. 173)

Namnet Huse som gardnamn er eit namn som kan passe for all tid. Det er eit godt namn på ein gamal gard, og det kan vera eit velvalt namn på ei ny bustad. Når det gjeld gr.nr. 173 her nørdest i Fåberg, er det sikkert eit eldre gardsnamn. Her er gjort fornfunn frå eldre jernalder, og her i grenda og bygda vart Huse tidleg eit kjent familienamn. Alt i 1624 var såleis Oluf Huse jordeigande bonde i Jørstad, og Syver Huse var jordeigande bonde i Hammarseng. Oluf var dessutan brukar av sin eigen gard: Huse på Huseskogen.

I 1657 var det Embret som var vorte brukar på Huse, og et er opplyst at husdyrhaldet på garden da var 2 hestar, 9 naut, 17 småfe og 3 griser. Av odelsmanntalet frå same året går det elles tydeleg fram at Embret sjølv var odelseigande bonde av 9 skinn landskyld i sin eigen gard Huse. – Etter atter åtte år var Eilev Pedersen vorte brukar på Huse, og den samla skylda på garden er da oppgitt til 1 hud og 3 skinn. Det er vidare fortalt at Eilev hadde ein tenestkar, Amund Pedersen, som var 20 år og soldat, og at det var 2 husmenn ved garden, Josef Pedersen, som var 52 år og truleg bror til husbonden, og Oluf Svarver, som seinare husmannsplassen Svarverud fekk namn etter.

Tre år seinare kom i 1668 den nye norske matrikkelen med fleire opplysningar om gardane. Om gml. matr.nr. 136 Huse er det da fortalt at landskylda framleis var 1 hud 3 skinn eller 2 ½ pund 4 merker smør, og at brukaren framleis heitte Eilev og var odelseigande bonde av heile garden. – Om gardsbruket på Huse er det vidare fortalt at ”Engen er temmelig, og Kand Lidet Rødis”, men det var skog nok til gards nytte og til tømmerkog. Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 10 naut, og garden hadde seter og sommarbeite åt krøtera på Hokneseter. Det er dertil opplyst at korntianda vart utreidd med 5 qtr., som altså svara til ei årsavling på 12 ½ td. Ti år seinare var Eilev Pedersen framleis brukar på Huse. Han betalde da ein utlikna ekstraskatt med 3 rd. 12 skl. i pengar.

I mellomtida er det elles opplyst at det i 1667 var rettergang om skifte og dele mellom Fåberg og Øyer, og denne saka er i utskrift av tingboka ref. slik:

”7. juni 1667.

Rettergang mellem Fåberg og Øyer ang. riktig skifte og dele. Av Fåberg og Bache bøygdelaag møtte Tor Onsum, Christen Jørstad samt deres sogneprest hr. Hagen Willemsen (og) beklaget sig over at en part av Øyers sogns almue som bor på den anden side av elven, kallet Skovbygden i Øyers prestegjeld, i nogen år har tilegnet sig hugst og bruk i den omtvistede Huse skov, som ligger i Fåberg sogn. En del vidner ble avhørt. Saken optages tildoms om 6 uker.”

Eilev Pedersen som før er omtala, hadde ei dotter, Marit Eilevsdr., som vart gift med Tollef Toresen frå øvre Dal. Tollef Toresen var brukar på Huse i 1693. det er da fortalt at han tok imot eit av dei nye militærgevær som hørde folkevæpninga til og som skulle oppbevarast på Huse.

Marit og Tollef Huse hadde ei dotter, Maren Tollefsdr., som i sitt 1. ekteskap var gift med Peder Larsen Jørstad, men denne første mannen til Maren Huse døde alt i 1728, og ho gifta seg da oppatt til sitt 2. ekteskap med Ole Pedersen Korsrud f. 1695. Dei fekk i 1725 ei dotter, Kari Olsdr., f. 1725.

I denne tida kom i 1723 det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om gardane. Om Huuse, som namnet på garden der er skrive, er det da m.a. fortalt at garden ligg i sollia,

og at jordarten er god for ein del. Garden hadde framleis etter måten mye skog, og det var utslåttar til 1 lass høy. Høyavlinga i alt var ikring 20 lass, og buskapen på garden var da 1 hoppe med føl, 12 naut og 10 sauer. Det er vidare fortalt at garden hadde eiga kvern, og da 1 husmann. Ein merker seg elles at matr.skylda på Huse da var vorte redusert til 1 hud, og Tollef Toresen også da var eigar og brukar av garden. Elles vil ein da under Huse finne Husesletta oppført som eige skyldsett bruk med ei skyld på 3 skinn. Brukar i Husesletta var i den tid Jens Madsen, og høyavlinga er oppgitt til 8 lass, men det var inga buskap på bruket.

Om ein strid mellom Ole Huuse og Jens Madsen handlar ei sak som etter utskrift fortel dette:

”Husesletten 6. septb. 1726.

Jens Madtzen Huusesletten har innstevnt Ole Huuse for en sve han har brent og sådd med vinterrug på citantens eiendom, samt fordi han vil tilegne sig mer av Huuseslettens eiendeler og utraster enn han med rette tilkommer. Efter lagrettens og andre godtfolks mellomhandling kom partene til følgende mindelige forlik: Det rette skjelne og dele mellem gårdene Huse og Husesletten skal gå ned nedenfor elven Loven og opefter bakken Qvernbakken som utspringer nederst i Husesletten. Derefter over alfarveien og nogen fjellrabber til en bekk som kommer fra Sandbakken og efter denne til Sandbakken og efter sæterveien til den sve som Jørstad og Huse har brukt sammen. Huse skal ha sin eiendom på nordsiden av denne linie og Husesletten søndenfor. Ovenfor bemeldte sveer er det felles havn og bruk på begge sider av sæterveien efter lod og anpart. Jens Madtzen skal for Husesletten ha sæterbol på Sæteren Hecksa. Den påstevnte sve skal utlegges til felles bruk. Ole Huuse betaler omkostninger med 12 rd.”

Den andre mannen til Maren Tollefsdtr., Ole Pedersen Korsrud, vart heller ingen gamal mann. Han døde i 1732, berre 37 år gamal. Enka Maren Tollefsdtr. Huse gifta seg da oppatt til sitt 3. ekteskap, og denne gongen med Kristen Pedersen Øvre Jørstad. Dette 3. ekteskapet var elles barnlaust. –

Jens Madsen, som vi kjenner frå før, heldt fram som brukar i Husesletten også i 1735. Han hadde da fått bevillingsseddel til ”at nyde sæterbol på Hokna Setter i Kongens Almenning”.

Frå ti år seinare er ei føderådskontrakt som her kan vera av interesse: Unge Lars Pedersen f. 1718 var da vorte brukar på Huse og lovte å gi verfare sin Kristen Pedersen ”årlig føderåd for livstid og en sømmelig begravelse”: Til vederlegg overlet så verfare til versonen 3 skinn jordegods som han (Kristen) hadde fått tildelt i garden Huse.

Lars Pedersen Huse f. 1718 som her er omtala, var gift med Anne Kristoffersdtr., og dei hadde 3 born: 1. Peder, f. 1745, 2. Lars, f. 1748 og 3. Beret, 1754, g. 1781 m. Fredrik Olsen Lundgarden.

I 1761 er det fortalt at husbonden Lars Pedersen Huse gav bygselseddel til Peder Engebretsen på ”en under hans gaard Huuse til og underliggende husmandsplads Svarveren kaldet mot årlig husleie 6 måls skur og 6 dager slått.”

Tre år seinare selde i 1754 Lars Huse garden sin til broren Eilev Pedersen med arvingar for 400 rd. + føderåd til mor deres og verfare Kristen Pedersen. Denne handelen ser elles ut til å ha vore meir proforma enn reell, for i 1763 gav Eilev Pedersen Øfstedal, som han da er kalla, skjøte tilbake til broren Lars på grd. Huse for same kjøpesummen som i 1754: 400 rd. + føderåd. Ein merker seg at matr.skylda på Huse ved baa desse handlane er oppgitt til 1 hud.

Lars Pedersen Huse brukte så garden sjølv til i 1773. da selde han Huse av skyld 1 hud til eldste sonen sin Peder Larsen f. 1745 for 290 rd. Først 6 år seinare gav derimot kjøparen føderådskontrakt til foreldra sine, Lars og Anne Huse.

Peder Larsen Huse f. 1745 , som da tok over garden, var gift med Rønnaug Engebretsdtr. Balberg, og dei fekk 3 born, men berre 2 levde opp: 1. Mari f. 1778, 2. Lars f. 1780, død 1781, 3. Lars f. 1784.

På Husesletten var i 1759 Jens Madsen død, og einaste sonen Kristen Jensen fekk da skjøte frå mor si Anne Hågensdtr. med myndige arvingar på gardsplassen Husesletten av skyld 3 skinn for 90 rd. + føderåd til mora.

Peder Larsen Huse f. 1745 var framleis brukar på garden ved folketellinga i 1801, og det var da 4 familiar som budde på og ved Huse. Det var: 1. familie: 1. Peder Larsen, husbonden, 56 år, 2. Rønnaug Engebretsdtr., kona hans, 48 år, 3. Lars Pedersen, son deres, 16 år, 4. Hans Thoresen, tenestkar, 20 år, 5. Marit Christensdtr., tenestkvinne, 52 år, 6. Anne Olsdtr., tenestkvinne, 18 år. 2. familie: 1. Erik Evensen, husmann med jord, 56 år, 2. Anne Olsdtr., kona hans, 64 år, 3. Marit Eriksdtr., dotter deres, 31 år, ugift. 3. familie: Jens Kristensen, husmann med jord, 50 år, 2. Kari Simensdtr., kona hans, 51 år, 3. Sønnøv Jensdtr., dotter deres, 17 år, ugift. 4. familie: 1. Haagen Kristensen, husmann med jord, 6 år, 2. Aaste Pedersdtr., kona hans, 27 år, 3. Marit Haagensdtr., dotter deres, 4 år, 4. Mari Haagensdtr., dotter deres, 2 år.

Dessutan budde det på Husesletten to familiar. Det var: 1. familie: 1. Peder Olsen, husbonden, 56 år, 2. Berit Pedersdtr., kona hans, 50 år, 3. Ole Pedersen, son deres, 16 år. 2. familie: 1. Kristen Jensen, føderådsmann, 65 år, 2. Mari Olsdtr., kona hans, føderådskvinne, 59 år.

Her på Husesletten hadde husbonden Peder Olsen garden til i 1818; da gav han skjøte til einaste sonen sin, Ole, som da var 33 år. På Huse hadde husbonden Peder Larsen garden til i 1805, og overlet så fedregarden til sonen Lars Pedersen.

Lars Pedersen f. 1784 vart i 1807 gift med Aaste Hansdtr. Bleken, og dei fekk 7 born. Det var: 1. Peder, f. 1808, 2. Hans f. 1809, 3. Rønnaug f. 1813, 4. Lars f. 1814, 5. Iver f. 1817, 6. Ingeborg f. 1820, g. 1840 m. Simen Iversen Ensby f. 1815, 7. Mathea f. 1822, g. 1845 m. Ole Halvorsen Alfsberg f. 1822.

Som førebuande arbeid for ein ny matrikkel kom i 1819 eit framlegg for Fåberg med ymse opplysningar om gardane. Der er det om garden Huse m. a. fortalt at buskapen av store husdyr på garden i den tid var 3 hestar og 18 storfe, og at den årlege kornavlinga da var ca. 70 tdr. Det er vidare opplyst at det da var 3 husmannsplassar til Huse. Samtidig er det og fortalt om Husesletta at buskapen der var 1 hest og 5 kyr, og at de årlege kornavlinga var ca. 20 tdr.

To år seinare kom så i 1821 den triste meldinga at husbonden Lars Pedersen Huse var vorte umyndiggjord. Det førde til strid innan familien, og det vart ei tung og trist tid på Huse. – Under dette vart garden i 1826 seld til eldste sonen Peder Larsen, men han skulle først overta Huse i 1832.

Peder Larsen gifta seg 19 år gamal med Anne Amundsdr. Skjønsberg. Ho flytte ikkje til Huse med det same, for eldste sonen deira, Tobias, er fødd på Skjønsberg.

Frå 1838 er elles ei føderådskontrakt noko utenom det vanlege. Husbonden Peder Larsen Huse gav da kona si Anne Amundsdr. og borna deira kontrakt på årleg føderåd av og på Huse til yngstebarnet var vorte 18 år.

Ni år etter spurdest det i 1847 at Peder Huse hadde drukna i Lågen. - Enka Anne Amundsdr. brukte så garden til i 1861, da ho gav skjøte til eldste sonen, Tobias Pedersen Huse. Kjøpesummen for garden var da 2500 spd. + føderåd verdsett til 540 spd., tilsm. 3040 spd.

I mellomtida hadde Tobias Huse gifta seg i 1859 med Ingeborg Kristofersdr. Bleken, og dei fekk 1 gut i ekteskapet sitt, Per Tobiassen, men mor til guten, Ingeborg Huse, døde alt i 1861, og husbonden gifta seg oppatt med Anne Amundsdr. Ellingsberg.

Fire år seinare var det i 1865 den store jordbrukstellinga, og den kom med fleire nyare opplysningar om gardane. Om løpenr. 136 Huse er det da fortalt at det samla jordbruksaral av åker, eng og seterlykkjer utgjorde 382 mål, og av det var 107 mål jord av 1. klasse. For løpenr. 135 Husesletten var dei tilsvarande tal 125 mål og 33 mål. Etter andre oppgaver frå det same året er det vidare fortalt at buskapen på sjølve garden Huse i den tid var 5 hestar, 24 storfe og 24 småfe, men dertil var det på husmannsplassane som hørde Huse til tilsm. 16 storfe og 52 småfe. Tilsvarande var det på sjølve garden Husesletten 2 hestar, 11 storfe og 13 småfe, men dertil var det på ein plass til garden 1 ku og 7 småfe. – Ført på same måten var i 1865 utsæden av korn på sjølve Huse grad: 1 td. rug, 5 tdr. bygg, 7 tdr. blandkorn, 1 td. erter, og dessutan vart det sett 6 tdr. poteter; dertil var utsæden på plassane til Huse: 1 ½ td. bygg og 8 ½ td. blandkorn. Tilsvarande var utsæden på Husesletten: 1 1/2 td. bygg, ½ td. rug, 4 tdr. blandkorn. ¼ td. erter og 6 tdr. sette poteter, og dessutan på husmannsplassen 1 td. blandkorn og 2 tdr. sette poteter.

På Husesletten hadde i 1852 Johan Olsen Husesletten gitt skjøte på garden til svigerson sin Torstein Johannessen for kjøpesum 300 spd. + føderåd. Etter det brukte Torstein Sletten, son han snart vart kalla, garden Husesletten i 45 år til i 1897. Da overlet han garden til son sin Peder Tostensen Sletten for sum – kapitalisert føderåd irekna – kr. 4400,-. Dette gjeld det løpenr. 153a som Johan Olsen hadde i 1838, løpenr. 135b som Johan Moshus da åtte, vart i 1842 selt til lensmann J. E. Jevne i Øyer. Lensmann Jevne selde i 1866 Husesletta vidare til son sin Erik J. Jevne, og han overlet i 1897 bruket til sin son Iver E. Jevne for sum kr. 1000,-.

På løpenr. 136 Huse gard fekk i 1865 ein enda umyndig son Peder Tobiassen ved skiftebrev ein arv på 626 spd. som til så lenge skulle stå i garden. I 1898 kunne så enka Anne Amundsdr. Huse gi skjøte til verson sin Peder Tobiassen Huse på slektsgarden Huse for kjøpesum kr. 20000,-. Med i handelen var da også ei sag og mølle som stod på grannegarden Rustad sin grunn.

I mellomtida var det i 1891 ekspropriasjonsforretning vedk. Hamar-Selbanen, og sju år seinare var det i 1898 ei skylddelingsforretning da ein parsell kalla Hunderfoss vart skyldsett og fråskilt eigendomen.

I denne mellomtida kom i 1886 og den nye norske matrikkelen , og gardane fekk tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld. Garden Huse, før løpenr. 136, fekk da gardsnr. 173 med ei samla mtr.skyld på 22,49 mark, og det var i 1886 alt 3 bruksnr. under gr.nr. 173. det var: a. Gr.nr. 173, br.nr. 1 Sletten av skyld 4,34 mark og med Tosten Johannessen som eigar og brukar, b. br.nr. 2 Sletten av skyld 0,70 mark med Erik Johannessen Jevne som eigar, og c. br.nr. 3 Huse av skyld 17,45 mark og med Tobias Pedersen som eigar og brukar.

Etter ajourført matr. av 1904 var det da blitt 5 br.nr, under gr.nr. 173 Huse: Peder Huse hadde da overtatt br.nr. 3 Huse, og skylda der var da justert til 16,77 mark. Br.nr. 4 Hunderfoss av skyld 0,34 tilhørde da agent S. Feiring m. fl., og br.nr. 5 av skyld 0,34 mark tilhørde Statsbanene.

Frå 1911 er eit kommisjonsforlik mellom Peder Huse og Johannes Viken i Øyer om eit skogstykke på Svarverudberget, som dei vart samde om skulle tilhøre eigaren av Viken mot å svara ei årleg avgift til eigaren av Huse. Fire år seinare vart i 1915 gr.nr. 173, br.nr. 6 Myrom av skyld 0,30 mark selt til Arne Larsen Haugen, og i 1917 vart br.nr. 7 Svarverud av skyld 0,80 mark selt til Ole Olsen Løkken. Hunderfossen komm. kraftselskap kjøpte i 1919 br.nr. 8 og 9 av samla skyld 0,71 mark, og vidare kjøpte i 1923 Ole Løkken br.nr. 10 Svarverud øvre av skyld 0,02 mark. Etter dette var det ved jordregistreringa i 1939 altså 10 br.nr. under gr.nr. 173 Huse. Det aller meste av den brukande jorda under gr.nr. 173 låg likevel framleis under 5 bruksnr. Av desse hadde da gr.nr. 173, br.nr. 3 Huse gard eit jordbruksareal av åker, hage, eng og kulturbeite på ca. 290 mål. Eigar av Huse gard var da enkefru Karen Huse, og sonen Simen Huse brukte garden. dessutan var i den tid Lars Larsen Haugen brukar av br.nr. 3 Håkenstugua med eit jordbruksareal på ca. 15 mål. – Fredrik Enge, som kjøpte Husesletten av Peder Sletten, åtte og br.nr. 1 Sletten med eit jordbruksareal på ca. 85 mål. – Arne L. Haugen var eigar og brukar av br.nr. 6 Myrom med eit jbr. areal på ca. 20 mål, og på br.nr. 7 Svarverud med eit jbr. areal på ca. 45 mål var enkefru Berta Nordhøy eigar og sonene Oskar Norby brukar.

Etter opplysningar gitt av husbondsfolka Arnfrid født Grimstad og Simen Pedersen Huse tek vi her med dette: Om husbygningane på Huse er det sagt at ingen av husa er gamle, bortsett frå hovudbygningen og stabburet, som er bygt i 1740. Alle husa unntatt stabburet er restaurerte i åra 1940-45. Uthusa er nybygde i åra 1940-55.

Blant inventaret finst atskillige gamle saker. Ein del er brukt til dagleg i hovudbygningen og føderådsbygningen, så som gamle framskåp og hengeskåp, Sørensen møblement og Stræte stuguklokker. Det er i ei stugu eit istandsett engelsk klosterur av ukjent dato, samt bl. a. eit ferdaskrin frå 1650.

I andre høgde i det gamle stabburet er det laga til eit gardsmuseum for dei ting som ikkje til dagleg kan nyttast. Det er jordbruksreiskap, reipslagarverkty, utstyr for mjølk, mjølking, ysting og kjinning m.m.

Av jordveigen er nå den dyrka jorda, ca. 230 mål, brukt slik: 15 mål blir brukt til hamning, 35 mål til seterlykkje, 10 mål til poteter, resten er åker, mest bygg. – Det er frøavlsplantasje for avl av foredla granfrø på ca. 94 mål, forsøksplanting av finsk masurbjørk på ca. 12 mål, forsøksplanting av hybridosp på ca. 7 mål. Alt på tidlegare dyrka jord. Skogen er på ca. 3100 mål.

Utanom dette er det frå Huse levert til Hunderfossens utbygging på ca. 34 mål dyrka mark, 38 mål beite og 330 mål skog, som alt ligg på Huseøya rett overfor Fosegarden og Elvebakken i Øyer. – Dessutan har Hærens Sambandsskole skytebane si på leigt område ca. 70 mål på Måsåberget.

Gamle stadnamn som viser tilbake til gamle tider og tilhøve er til dømes: Kloppmyra, Saghølen (neddemt), Fiskedammen (frå 1856), Stubbsvea, Holohaugen, Teinlagsletta, Måsåberget, Smiusletta o. bl. tydelege merke etter dyregraver og jernvinna blir neddemt ved Hunderfossen.

Som grenda Rustadskogen låg til, vart det ordna slik at granda i 50 år hadde sin eigen folkeskule, og i heile denne tida hadde skulen husrom her på Huse gard. Den andre bygningen der skulen heldt til, er nå nedriven.

Dei siste 60 år har ført til stor omlegging av gardsdrifta. Det viser ikkje minst desse opplysningane frå gr.nr. 173 Huse i Fåberg.

I 1900 var jordbruksarealet på Huse brukt til dyrking av ca. 15 mål havre, 4 mål erter, 30 mål bygg og resten eng. I 1960 hadde omlegginga ført til at det var: 30 mål havre, 180 mål bygg, 10 mål poteter og 20 mål eng. Første traktoren vart kjøpt i 1936, traktor nr. 2 kjøpt i 1945. Sjølvgåande skurtreskar vart kjøpt i 1957. Biler og motorkjørety i alt var i 1960 fem stk.

I husdyrbruket var det samtidig ei liknande omlegging: Buskapen på Huse kring 1900 var til vanleg: 10 hestar, 25 storfe, 15 sauer, 10 geiter, 4 purker. I 1960 var husdyrhaldet på garden: 2 hestar, ingen storfe, 140 sauer, 180 slaktegriser, 30 høner.

I 1900 var det enda 4 husmenn på Huse: Ole Løkken, i Svarverud, Lars L. Haugen i Håkenstua, Jon Høgsveen i Høgsveen og Mathias Husemoen i Husemoen. Plassen Diket var da nedlagd.

Omlegginga i jordbruket var som ein ser sers merkbar i husdyrhaldet: I 1900 kunne lageret av matvarer på garden vera: 4000 kg. bygg, erter til brød og salg. Lager av kjøtt og flesk i saltbaljer om hausten: 1 storfe (helst ku), 3 griser eller 2 purker, 5-6 sauer, opplaga pølse av ½ hest. – I 1960 var det ingenting på lager av korn utan såkorn og havre til hestar og sauer. Lager av mat i balje: 3 skinker og 2 sauelår. Kjøtt- og fiskemat elles blir oppbevara i dypfrysar i kjellaren.

- Den 23.-24. februar 1960 var det overnatting for Kongen på Huse gard. det hadde seg slik: Norgesmesterskapet på ski vart i 1960 lagt til Fåberg, og Simen Huse som var medlem av stemmenemnda, tok på seg å sørge for middag og overnatting for H. M. Kong Olav V heime på garden sin Huse.

Kongen kom til garden om ettermiddagen den 23. febr., og her vart så servert middag for H. M. og ein del innbodne. Tilstades ved middagen var: Fylkesmann Gabrielsen m. frue, oberst J. Langaas, Jørstadmoen, politimester S. Østmoe, Lillehammer, kontorsjef Oddv. Myhren, Gudbr.dal skikrets, gardbr. Ole Lundgaard, Fåberg, rådmann Ole Langdalen, Fåberg, adjutant Oscar Magnus, ordførar Henriksen, Fåberg, kyrkjetenar Sv. Moringen, form. Fåberg I.lag, red.sekretær Kjosbakken, Gudbrandsdølen, N.T.B. representant, major M. Langdalen, Jørstadmoen, lensmann S. Skrinde, Fåberg, form. i Norges Skiforb. herr Nordal, Oslo, gardbr. Olav Jørstad, Fåberg, fotograf T. Løkken, N.T.B. H.M. kong Olav V hadde fru Arnfrid Huse til bords, skiforbundets form. hadde fru fylkesmann til bords. Menyen var m. a. avkokt Hunderaure og elgdyrsteik med grønnsaker. H.M. overnatta på Huse gard og spiste frokost her saman med sin adjutant, lensmann, politimester, fylkesmann. Menyen var m. a. råkåfisk.

Om fiske og fangst her på Huse gjennom tidene let vi hr. Simen Huse sjølv fortelja: Fangsten hadde sikkert sin betydning i gammel tid, om ikke i den grad som fiske for denne eiendoms vedkommende. Betydning hadde det i hvert fall, det viser den ting at ved salg av Hoknemarka tok så selgerne att all rett til jakt og fangst. Det eneste forhold var at ”det må ikke gildres eller

settes snarer eller sakse som kan skade kjøperens folk og heste". De mange spor etter dyregraver viser at det nok var dyr å fange i skogen.

Fiskeriet hadde sikkert større betydning enn fangsten. En må ha lov til å tru at fiske i Hunderfossen etter stor aure er av meget gammel dato. Gården Huse var truleg ryddet kring år 1000, og de som bodde her den gang, benyttet seg sikkert på en eller annen måte av fisket. Etter at svartedauen hadde herjet, var denne garden øydegard, og først i 1552 finnes det papirer på at Hunderfossen fiskeri tilhører Mariakirken. Hvordan det var med eiendomsforholdet for selve garden står det ikke noget om. I 1620 var Hunderfossen fiskeri leid bort til Haldur Mellum fra Fåberg. Han hadde det året ansvaret for riksveien på vestsiden, og søkte opplysninger hos mannen på Huse om hvor grensen mellom Øyer og Fåberg var. Det er rimeleg å tru at Mariakirken delvis disponerte fisket i Hunderfossen fram til 1810. Det året blev eieren av Huse ved ting tilkjent fiskeretten, og samtidig lovet den nødvendige hjelp til å ivareta sine rettigheter.

I 1856 anla Huse en dam for oppbevaring av fisk i levende tilstand. Det var sikkert vanskelig å få solgt fisken, og da var den en måte å løse saken på. Denne fiskedammen skal være den første kjente kunstige fiskedammen som er bygd her i trakten.

I 1870 forlangte staten å være eier av fiskeriene, og på en eller annen merkelig måte ble Huse pålagt å fjerne teinelagene, muligens etter påtrykk av nordenforliggende deler av Lågen. Det står ingen ting om at eieren av Huse fikk noen form for erstatning.

Fra 1910 til 1912 og fram til 1918 drev Huse og Fossegården fiskeriene sammen, med like antall dager for utøvelse av fisket. det var dermed ikke sagt at utbyttet ble likt for begge. Etter 1918, det året som far, Peder Tobiassen Huse døde, overtok Fossegården fiskeriene alene, og hadde disse til leie til i 1930-åra. Da ble fisket på vestsiden forbudt. Teinelagene reiste med flommen da de ikke ble passet for tømmer og lignende.

Fiskeriene på østsida hadde ikke vært i bruk vesentlig lenger enn på vestsida, men i 1942 ville de som da disponerte fiskeriene, nemlig Hunderfossen interkommunale kraftselskap, leige bort fisket på østsida. Av formannen i styret for det interkommunale kraftselskap leiet jeg fisket for to år, for å forhindre at teinelagene igjen skulle bli bygget opp. Huse hadde fra gammel tid mange andre teinelagstøer. Det vises bolter i fjellet etter teinelag fra Teinelagsletta og nedover like til grensa mellom Huse og Husesletten.

Ett av disse teinelagene vart bygget opp att i 1940, men det stod bare ei lita tid. Tømmeret la seg innpå, og det var vanskelig å passe. Det vart den gang tatt to fisker i dette teinlaget, 1 på 1 kg. og 1 på 13 kg. Rustad- og Jørstadgardane har hatt teinlagfiske i alle år, men det er snart slutt, idet Hunderfossutbygginga setter en stopper for det. det blir lite eller ikke noe vatn i elva mellom Hunderfossen og Hølsaundet, og da sier det seg sjøl at det ikke kan foregå fiske på den måten.

Det var laga dam for levende fisk i 1856, men det vart laga dammer så seint som i 1940 og 1948. Her går i dag ørret av mindre størrelse, men brukbar matfisk å ta med stang. I 1960 ble det på Hokna seter foretatt makeskifte på eit stykke skog mellom An. J. Enger og Huse, for å skaffe den nødvendige grunn for et mindre fiskevann på seterlykkja. Det ble satt en jorddam lengst sør på lykkja, og dermed ble Løkketjern dobbelt så stort. Fisken der, utsatt småfisk fra næringsfattig elv, viste tilvekst på 600 % (sekshundre prosent) første året.

Ellers har ikkje garden Huse fiskerett i vatn eller tjern i fjellet. Det er ved enkelte anledninger nemnt at føderådsfolk skulle ha fiskerett i gårdens fjellvann. Hvor disse vatn har vært, vet jeg ikke. Muligens kan det være bruksretter av mindre varighet i forbindelse med arv ved giftermål og lignende det kan være tale om. Riktignok hadde Huse engang seter i Øyer, på Hundersetra, men denne var av kort varighet, og det var lite truleg at denne seterretten hadde noget med fiske å gjøre.